



Vest-Telemark Kraftlag AS

Eigarskapskontroll :: Delrapport for Fyresdal kommune

2014 :: 433 003-2

Innhald

Samandrag	ii
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	1
1.2 Metode	1
1.3 Kriterier	2
1.4 Høyring	2
2 Om Vest-Telemark Kraftlag AS	3
2.1 Om selskapet.....	3
2.2 Økonomisk stilling	5
3 Om Fyresdal kommune si forvaltning av eigarskapen	6
3.1 Oppfølging av eigarskap – retningslinjer og praksis.....	6
3.2 Utbyttepolitikk og prosessar for val av styre	10
4 Vurderingar av eigarskapen	12
4.1 Rutinar for evaluering og oppfølging	12
4.2 Følgjer Fyresdal sine eigne rutinar, KS sine tilrådingar for eigarstyring og aktuelle lovkrav?	12
4.3 Utbyttepolitikk og prosessar for val av styre	13
5 Tiltrådingar	14
5.1 Til eigarkommunane i fellesskap	14
5.2 Tiltrådingar til Fyresdal kommune	14
Vedlegg	15
Formlar nytta ved berekning av nøkkeltall:	16
Vedlegg 2: Høyringsuttale	17
Vedlegg 3: KS' Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskap og foretak	18

Foto: Freeimages.com/Robert Linder

Samandrag

Bestilling

Eigarskapkontrollen er bestilt av kontrollutvala i eigarkommunane. Bakgrunn for bestillinga er planar for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyra i Tokke, Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Vinje og Nissedal kommune.

Eigarskapkontrollen handlar om følgjande problemstillingar:

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Blir eigarinteressene utøvd og forvalta i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

I tillegg har vi sett på:

- Utbytepolitikk og andre forventningar frå eigarane til selskapet – samordning og formidling.
- Prosessar for evaluering og val av styre.

Om selskapet

Vest Telemark Kraftlag AS er eigd av kommunane Vinje, Tokke, Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Nissedal. Nissedal eig 5 % av aksjane, medan dei andre kommunane eig 19 % kvar. Selskapet sine hovudaktivitetar er produksjon, distribusjon og sal av energi, samt bygging og drift av fibernett.

Selskapet har 60 tilsette.

Våre funn og vurderingar

Generelt

Eigarkommunane har ikkje utarbeidd felles eigarskapsmelding for selskapet slik som KS tilrår. Seljord, Kviteseid, og Fyresdal har vedtatt egne eigarskapsmeldingar, og Nissedal kommune har vedtatt eigarskapspolitisk plattform. Tokke og Vinje har ikkje vedtatt eigarskapsmelding eller andre rutinar for å følgje opp sine eigarskap.

Eigarkommunane har heller ikkje utarbeidd strategiar for eigarskapen i VTK. To kommunar - Fyresdal og Kviteseid har fastsett mål for eigarskapen i VTK i sine eigarskapsmeldingar.

Selskapet kjenner ikkje til eigarskapsmeldingane til eigarkommunane. Dersom eigarkommunane vil at selskapet skal innrette seg etter eigarane sine krav og ynskjer, må kommunane ha rutinar for å gjere selskapet kjent med kva desse er.

Om eigarstyringa til Fyresdal kommune

Kommunen sin praksis for eigarstyring er ikkje i samsvar med eiga eigarskapsmelding og heller ikkje med KS sine tilrådingar, vi vil særskilt kommentere:

- Kommunen gjennomfører ikkje folkevaltopplæring om eigarskap.
- Fyresdal har valt ordførar som sin eigarrepresentant i selskapet. Ordførar er også valt som styremedlem i selskapet. Dette er ikkje i samsvar med kommunen si eigarskapsmelding, og ordførar er heller ikkje habil til å vere kommunens representant på generalforsamling i selskap der han sit i styret.
- Kommunen har ikkje rutinar for å evaluere kompetansen i styret.
- Kommunen har ikkje sett etter at VTK har etiske retningslinjer.
- Kommune har ikkje rutinar eller praksis for å sikre at rammer for eigarskapsutøvinga blir avklart med kommunestyret, og heller ikkje for å sikre at kommunestyret får informasjon om selskapet.

Utbytepolitikk

Kommunane har ikkje utarbeidd felles utbytepolitikk slik som er tilrådd frå KS. Fyresdal kommune har ikkje følgd opp si eiga eigarskapsmelding på dette området.

Val av styre

Det ser ut til å vere lite samarbeid mellom eigarane når det gjeld å sikre eit godt og kompetent styre. Det er risiko for at styret ikkje har den komplementære kompetansen som selskapet treng.

Eigarkommunane bør følgje KS si tilråding om å vedtektsfeste bruk av valkomité ved val til styret. Kwart styremedlem har personleg vara. Dette er ikkje i samsvar med KS si tilråding. KS tilrår bruk av numerisk vara for å gje betre kontinuitet i styrearbeidet.

Tilrådingar

Vi tilrår eigarkommunane å

- utarbeide felles rutinar og strategiar for eigarskapen i VTK, derunder å utarbeide utbytepolitikk, og
- innarbeide krav om bruk av valkomité ved val til styret i vedtektene i VTK, etablere ordning med numerisk vara, og
- sjå til at selskapet har etiske retningslinjer.

Vi tilrår Fyresdal kommune å

- velje nytt medlem til styret eller ein annan til å representere kommunen på generalforsamling,
- syte for at det blir gjennomført folkevaltopplæring,
- etablere rutinar for å evaluere styret, og
- etablere rutinar for å sikre informasjon til og avklaring av rammer med kommunestyret om eigarskapen.

11. mai 2015

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Eigarskapkontrollen er bestilt av kontrollutvala i eigarkommunane. Bakgrunn for bestillinga er planar for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyra i Tokke, Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Vinje og Nissedal kommune.

Utgangspunktet for kontrollen er ein kontroll av eigarskapen. Det betyr at det er eigarane si rolle som er i fokus. Eigarskapkontroll omhandlar i utgangspunktet ikkje aktiviteten i selskapet. Vi vil svare på følgjande problemstillingar i denne kontrollen:

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Blir eigarinteressene utøvd og forvalta i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovregler og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

I tillegg skal eigarskapkontrollen sjå særskilt på:

- Utbytepolitikk og andre forventningar frå eigarane til selskapet – samordning og formidling.
- Prosessar for evaluering og val av styre.

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2012 og 2013. Det vil også bli teke omsyn til opplysningar av betydning frå 2014.

Selskapet har dotterselskap/tilknytte selskap. Vi gir ei kort orientering om desse.

1.2 Metode

Denne selskapskontrollen er som nemnd ein *eigarskapkontroll*. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14, samt rettleiar for selskapskontroll, fastsett av Norges kommunerevisorforbund.¹

I rapporten presenterer vi noko informasjon om selskapet. Vi meiner at denne informasjonen kan vere med på å gi et heilskapleg bilete av eigarstyringa av selskapet, og om

¹ Selskapskontroll - fra A til Å, Norges kommunerevisorforbund 11. mai 2011

denne fungerer i praksis. Utover dette omhandlar ikkje kontrollen styret sitt ansvar og verksemda i selskapet.

Kontrollen er gjennomført av revisor Gunnar Isaksen, forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridsklev og oppdragsansvarlig for forvaltningsrevisjon Kirsti Torbjørnson.

1.3 Kriterier

Kriterier for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap
- KS' anbefalingar for eigarstyring
- selskapets vedtekter og relevante kommunestyrevedtak
- eventuell eigarskapsmelding/strategi for den enkelte kommune/selskapet

Fakta i rapporten bygger på informasjon som er innhenta gjennom

- eigenerklæring frå styret
- eigenerklæring frå eigarrepresentant
- intervju med dagleg leiar og styreleiar
- dokumentgjennomgang

I rapporten fokuserer vi på negative funn. Det som er i orden blir som hovudregel ikkje omtala.

Vi meiner at metodebruk og kjeldetilfang i denne eigarskapkontrollen har gitt eit godt nok grunnlag til å svare på dei problemstillingane som kontrollutvalet har vedtatt.

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til selskapet sitt styre og daglege leiing og til ordførarane i eigarkommunane. Kommunen hadde ingen kommentarar til rapporten. Høyringsuttale frå selskapet ligg som vedlegg til rapporten.

2 Om Vest-Telemark Kraftlag AS

2.1 Om selskapet

Selskapet endra organisasjonsform frå BA (selskap med begrensa ansvar) til aksjeselskap i 2000, då førstnemnde form ikkje lenger var lovleg organisasjonsform. Selskapet er 100 % kommunalt eigd.

Eigarar	Aksjar	Eigardel
Tokke kommune	19000	19%
Kviteseid kommune	19000	19%
Fyresdal kommune	19000	19%
Seljord kommune	19000	19%
Vinje kommune	19000	19%
Nissedal kommune	5000	5%

Selskapet har to dotterselskap. Dette er Skafså Kraftverk ANS der VTK eig 67 % av aksjane og Vest Telemark Kraftlags pensjonskasse som er heileigd av VTK AS. I tillegg eig selskapet 40 % av Telefiber AS, 15 % av Grunnåi Kraftverk AS og 8,5 % av Sundbarm kraftverk DA.

Det er også inngått aksjonæravtale som regulerer forholdet mellom eigarane, mellom anna rett til styrerepresentasjon.

Formål

Vedtekter til selskapet vart vedtekne på generalforsamling 22.6.2010 og var gjeldande frå 1.1.2010.

Selskapets føremål er:

- *utbygging og drift av energiforsyningsnett*
- *utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi*
- *omsetning av energi*
- *installasjonsverksemd, teletenester og liknande*
- *rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknytning til dei nemnde føremål*

Desse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap. Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område.

Styret

Styret skal bestå av åtte styremedlemmer, der generalforsamlinga vel seks medlemmer med personlege vara. Det skal vere tre kvinner og tre menn både i styret og blant varamedlemene som vert valde på generalforsamlinga. Dei tilsette vel to styremedlemer med vara.

Styrefunksjon	Styremedlemmer valt for to år på generalforsamlinga 25. juni 2013
Styreleiar	Rolf Normann
Nestleiar	Bjørg Kyrkjebø Staaland
Styremedlem	Erik Skjervagen Øyvind Tveit Margit Elise Karlsen Rinde Baiba Sheine
Styremedlem valt av dei tilsette Tilsette sin vara	Aslak Bekhus Jarle Solbu Rune Aalandslid
Varamedlem	Åse Wrålid Magne Wraa Kjersti Bergland Astrid Eidem Nordal Magne Reinstaul Torgrim Thommassen Tor Ivar Berge

Styresamansetninga oppfyller krava til representasjon av begge kjønn i styret, jf. aksjelova § 20-6.

Organisasjon

Ketil Kvaale er dagleg leiar. Hans løn for 2013 var kr 1 030 000. Det er ingen bonusordningar for dagleg leiar.

Selskapet hadde 1. oktober 2014 60 tilsette, og konsernet under eitt har 63-65 tilsette.

2.2 Økonomisk stilling

Største delen av selskapet sine inntekter kjem i dag frå produksjon og sal av kraft, dernest er det nettdrifta som bidrar mest. I tillegg har VTK AS inntekter frå Telefiber AS, som dei eig 40% av, og frå andre tenester som blant anna utleige av lokalar, diverse økonomi- og kontortenester.

Vest-Telemark Kraftlag AS		
Alle tall i heile 1000	2013	2012
Resultatregnskap		
Driftsinntekter	255 173	202 197
Driftsresultat	77 726	31 334
Årsresultat	43 445	14 493
Arbeidskapital	9218	10 551
Ordinært utbytte	15 000	10 000
Balanseregnskap		
Sum egedeler	567 157	512 122
Eigenkapital:		
Innskoten eigenkapital	140 000	140 000
Opptent eigenkapital	141 514	116 070
Sum gjeld	285 643	256 052
Likviditetsgrad 1	1,1	1,1
Eigenkapitalandel i %	49,6	49,4
Totalrentabilitet i %	14,7	6,6

Resultatutviklinga har vore positiv frå 2012 til 2013. Selskapet har god eigenkapitalandel og likviditetsgraden er tilfredsstillande. Utbytte er utdelt med høvesvis 10 og 15 millionar kroner i dei to undersøkte åra.

3 Om Fyresdal kommune si forvaltning av eigarskapen

3.1 Oppfølging av eigarskap – retningslinjer og praksis

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Blir eigarinteressene utøvd og forvalta i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovregler og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

3.1.1 Rutinar for evaluering og oppfølging av eigarinteresser

Generelt

Selskapet er eigd av seks kommunar. Av desse har Fyresdal, Seljord og Kviteseid utarbeidd eigarskapsmeldingar. Nissedal har vedtatt ein eigarskapspolitisk plattform. Eigarkommunane Tokke, og Vinje opplyser at dei ikkje har eigarskapsmeldingar, eller andre retningslinjer for utøving av eigarskap.

KS seier i sine tilrådingar til godt eigarskap at det kan utarbeidast interkommunale eigarskapsmeldingar der kommunen eig selskap saman med andre kommunar. Ei interkommunal eigarskapsmelding vil sikre felles føring frå eigarane der det er mogleg.

Det er ikkje utarbeidd strategiar for eigarskapen i VTK AS i nokon av eigarkommunane, men Fyresdal og Kviteseid har i sine eigarskapsmeldingar fastsett mål for eigarskapen i VTK AS og vurdert i kva grad desse er oppfylt.

Selskapet kjenner ikkje eigarskapsmeldingane til eigarane.

Om Fyresdal kommune

Eigarskapsmeldinga var vedtatt av kommunestyret i sak 72/12. Eigarskapsmeldinga fastset generelle prinsipp for eigarskap i Fyresdal kommune. Ifølgje vedtaket i saka skal kommunestyret gå igjennom eigarskapsmeldinga ved inngangen til ny valperiode.

Eigarskapsmeldinga pålegg styrerepresentantane ansvar for at selskapa blir gjort kjent kommunen sine generelle prinsipp for eigarskap.

3.1.2 Blir vedtak og retningslinjer for utøvinga av eigarskap følgde?

Vi undersøker i kva grad kommunen følgjer dei generelle prinsippa som er fastsett i si eigarskapsmelding. Vi ser også om kommunens praksis/eigarskapsmelding er i samsvar med tilrådingane for godt eigarskap frå KS.

Folkevaltopplæring

Eigarskapsmeldinga seier i punkt 4.2 at opplæring i og informasjon om kommunen sine eigarskap og eigarskapspolitikk skal vere ein del av folkevaltopplæringa til nye kommunestyre. Ifølgje ordførar har ikkje kommunen obligatorisk opplæring av folkevalte eigarrepresentantar. KS tilrår at slik opplæring blir gjennomført i løpet av dei første 6 månadene av valperioden, med seinare oppfølging etter 2 år.

Vedtekter, strategiar og vedtak

Drifta av selskapet vert regulert av vedtektene, sist fastsett 22.6.2010.

Kommunen sine mål for eigarskapen er:

1. Selskapet skal syte for stabil forsyning av straum i kommunen.
2. Selskapet skal levere straum til konkurransedyktige priser.
3. Selskapet levere utbytte til eigarane.
4. Selskapet skal vere ein kompetansebase for energispørsmål i Vest-Telemark.

Ifølgje eigarskapsmeldinga meiner kommunen at selskapet er eit veldrive selskap som på ein god måte følgjer opp kommunen sine mål for selskapet.

Vi er ikkje kjende med at kommunen har gjort andre vedtak om selskapet i den perioden denne kontrollen omhandlar.

Representasjon og delegasjon

Eigarskapsmeldinga fastset at det er ordførar som representerer kommunen i generalforsamling. Ordførar er også vald som medlem av styret i VTK AS. Det følgjer av habilitetsreglane at den som er styremedlem ikkje kan handsame saker der selskapet er part i kommunen. Vedkomande kan dermed ikkje møte som kommunen sin fullmektig i generalforsamling. Dette er også presisert i kommunen si eigarskapsmelding. Ordførar kan såleis ikkje ha begge desse funksjonane samstundes.

Det er gjennomført ordinære generalforsamlingar innan fristen både i 2012, 2013 og 2014. Dagleg leiar har sendt innkalling på vegne av styreleiar. Innkallinga i 2012 er datert tre veker før generalforsamling. I 2013 og 2014 er innkallingane datert to veker før møtedato. I følge aksjelova skal innkalling sendast minst ei veke før møtedato, mens selskapet sine vedtekter stiller krav om tre vekers varsel, jf. § 6.

Protokollane frå generalforsamlinga er i samsvar med formelle krav, og opplyser at aksjonærane, styret for selskapet og dagleg leiar var til stades på generalforsamlinga. Generalforsamlingane har handsama dei sakene som dei etter aksjelova og vedtektene pliktar å handsame. Protokollane viser at årsrekneskap og årsmelding vart godkjent. Generalforsamlingane valde styreleiar, styremedlemmar og varamedlemar i 2013, og fastsette godtgjering til disse i tråd med vedtektene.

I møteprotokoll for generalforsamlinga i 2014 står ordførar i Fyresdal både som representant for aksjonærane og som representant frå styret.

Det er ikkje halde ekstraordinær generalforsamling i den perioden vi har undersøkt.

Styret

Det fylgjer av vedtektene at styret skal ha åtte medlemer, derav to som veljast av dei tilsette. Generalforsamlinga vel dei seks andre styremedlemmene, kvar med sin personlege vara. KS tilrår at ein nyttar ordning med numerisk vara for betre å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Prosess for val av styret er nærare omtalt under punkt 3.2.

Det er kjønnsbalanse i styret, jf. kommuneloven § 80 a.

Eigarskapsmeldinga har ikkje rutinar for evaluering av kompetansen til styret. KS tilrår at kommunen har rutinar for kompetansevurdering.

Eigarskapsmeldinga fastset at alle deltakarar frå Fyresdal skal registrere styreverva sine i www.styrevervregisteret.no. Ordfører og styremedlem frå Fyresdal har registrert styrevervet sitt.

KS tilrår at kommunen bør ha ein prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for generalforsamlinga si fastsetting av styrehonorar. Kommunen har ikkje omtalt fastsetting av honorar i si eigarskapsmelding, og vi er ikkje kjent med at kommunen har gjennomført slik diskusjon på anna vis heller. Styreleiar sitt honorar er kr 84 000 per år. Nestleiar får kr 50 000, og dei andre styremedlemmane får kr 45 000. Varamedlemmene får kr 3 000 per møte.

Eigarskapsmeldinga seier at selskap der kommunen har eigarinteresser skal ha etiske retningslinjer. VTK AS opplyser at dei ikkje har etiske retningslinjer. Eigarskapsmeldinga seier også at kommunelova § 4 skal gjelde fullt ut, dvs. at forholda skal leggast til rette for offentlig innsyn. Selskapet opplyser at dei følgjer offentliglova på dei områda der det er aktuelt, og forvaltningslova på nettaktivitet der dei er einaste leverandør. Selskapet presiserer at dei i alle høve praktiserer openheit med tanke på at dei er kommunalt eigd.

Eigarskapsmeldinga fastset at ved usemje i styret si innstilling til generalforsamling skal kommunens styrerepresentant syte for at eigarrepresentanten er kjent med argumenta i saka.

Rapportering og avklaring av rammer

Eigarskapsmeldinga fastset at kommunen sin representant i generalforsamlinga så langt som praktisk råd, skal syte for at formannskapet får høve til å drøfte kontroversielle spørsmål for generalforsamlinga. Vidare seier eigarskapsmeldinga at årsmeldingar frå dei viktige selskapa skal leggast fram som referatsak for kommunestyret.

Vi kan ikkje sjå at VTK AS sine årsmeldingar er lagt fram for kommunestyret som referatsaker i den perioden denne kontrollen omfattar. Ifølgje ordførar er det ikkje særskilte rutinar for rapportering frå selskap til eigar. Ordførar gir også uttrykk for at informasjonen til kommunestyret om selskapet ikkje har vore god nok.

Eigarskapsmeldinga fastset at i prinsipielle saker eller i saker som har sær mykje å seie, kan kommunestyret instruere sin representant i generalforsamlinga. Vi er ikkje kjent med om kommunestyret har gjort dette i saker om VTK.

Eigarskapsmeldinga seier at styret skal innkalle til eigarmøte i sær viktige saker. Ordførar seier at det har vore møte ved behov.

3.2 Utbyttepolitikk og prosessar for val av styre

- Utbyttepolitikk og andre forventningar frå eigarane til selskapet – samordning og formidling.
- Prosessar for evaluering og val av styre.

3.2.1 Utbyte

KS tilrår at det gjennom eigarstrategi blir klargjort kva eigarane forventar når det gjeld avkastning frå selskapet. Eigarkommunane har som nemnt ingen felles eigarstrategi for selskapet, og det er ikkje skriftleggjort kva avkastning eigarane forventar av selskapet.

Fyresdal kommune

Kommunen har som eit generelt prinsipp i si eigarskapsmelding at det bør utarbeidast ein utbyttepolitikk i selskap der verksemda har karakter av næringsverksemd. Kommunen har ikkje utarbeidd slik strategi for VTK. Ifølgje ordførar er det ingen intern prosess i kommunen når det gjeld storleiken på utbyttet frå VTK. Det er styret i selskapet som fastset utbyttet.

Ordførarane i eigarkommunane har tidligare gitt selskapet signal om at dei ønskja eit høgare utbyte.

3.2.2 Val av styre

KS tilrår at val til styret i aksjeselskap bør skje ved hjelp av valkomité. Føremålet med å bruke valkomité er å sikre at styret skal setjast saman av medlemmer med komplementær kompetanse og som er i tråd med eigarane sine føremål med selskapet. Bruk av valkomité bør vere vedtektsfesta. KS tilrår vidare at i selskap med fleire eigarar, bør valkomiteen setjast saman slik at samansetjinga avspeglar eigarandelen.

Bruk at valkomité er ikkje vedtektsfesta i VTK AS. Det er ikkje oppnemnd valkomité for val av styre. Eigarkommunane nominerer kvar to kandidatar til val i styret, ein man og ei kvinne. Styret blir formelt sett valt av generalforsamlinga, men slik at det er eit styremedlem frå kvar eigarkommune og at kravet til kjønnsbalanse er ivaretatt. Den kandidaten som ikkje vert styremedlem, vert automatisk varamedlem.

Styret har ikkje evaluert eige arbeid i den perioden som er undersøkt.

Fyresdal kommune

Ifølgje eigarskapsmeldinga skal oppnemning av kommunen sine representantar i styret skje av ei valnemnd. Vidare skal det ved val til styre leggjast vekt på vedkommande sin kompetanse og styret sin totale samansetnad. Kommunestyret vedtok nytt punkt 4.3 nr. 6 då dei handsama eigarskapsmeldinga i sak 72/12:

Ordførarane i Vest-Telemark er valnemnd for dei interkommunale selskap og sikrar lovleg kjønnsfordeling i styret.

Vi er ikkje sikre på om kommunen her meiner interkommunale selskap (IKS) eller alle selskap som kommunane i Vest Telemark eig saman.

Kommunestyret seier vidare i same sak:

Kommunestyret ynskjer å vere ein aktiv eigar i dei selskapa ein er eigar i og ber valnemnda kome med forslag til representasjon i god tid før valkomiteane i kvart selskap gjer sitt arbeid.

Utover dette har ikkje kommunen fastsett nærare kriterium for val og samansetjing av styret. I Fyresdal er det formannskapet som utgjer valnemnda og som nominerer kandidatar til styreverv. Valnemnda fatta vedtak om styrekandidat til VTK frå Fyresdal sak 6/15. Saksframlegget viser ikkje om det er gjort nokon vurdering av den totale samansetjinga av styret.

4 Vurderingar av eigarskapen

4.1 Rutinar for evaluering og oppfølging

Eigarkommunane har ikkje utarbeidd felles eigarskapsmelding for selskapet slik som KS tilrår. Seljord, Kviteseid, og Fyresdal har vedtatt egne eigarskapsmeldingar, og Nissedal kommune har vedtatt eigarskapspolitisk plattform. Tokke og Vinje har ikkje vedtatt eigarskapsmelding eller andre rutinar for å følgje opp sine eigarskap.

Eigarkommunane har heller ikkje utarbeidd strategiar for eigarskapen i VTK. To kommunar – Fyresdal og Kviteseid har fastsett mål for eigarskapen i VTK i sine eigarskapsmeldingar.

Selskapet kjenner ikkje til eigarskapsmeldingane til eigarkommunane. Dersom eigarkommunane vil at selskapet skal innrette seg etter eigarane sine krav og ynskjer, må kommunane ha rutinar for å gjere selskapet kjent med kva desse er.

4.2 Følgjer Fyresdal sine egne rutinar, KS sine tilrådingar for eigarstyring og aktuelle lovkrav?

Kommunen sin praksis for eigarstyring er ikkje i samsvar med eiga eigarskapsmelding og heller ikkje med KS sine tilrådingar. Vi vil særskilt kommentere:

- Kommunen gjennomfører ikkje folkevaltopplæring om eigarskap.
- Fyresdal har valt ordførar som sin eigarrepresentant i selskapet. Ordførar er også valt som styremedlem i selskapet. Dette er ikkje i samsvar med kommunen si eigarskapsmelding. Ordførar er ikkje habil til å handsame saker om selskapet i kommunen, og til å vere kommunens representant på generalforsamling i selskap der han sit i styret.
- Kommunen har ikkje rutinar for å evaluere kompetansen i styret.
- Kommunen har ikkje sett etter at VTK har etiske retningslinjer.
- Kommunen har ikkje rutinar eller praksis for å sikre at rammer for eigarskapsutøvinga blir avklart med kommunestyret, og heller ikkje for å sikre at kommunestyret får informasjon om selskapet.

Instruksen til styremedlem i eigarskapsmeldinga om å informere eigarrepresentanten om usemje meiner vi etter omstenda kan vere i strid med grunnprinsipp i aksjelova, og særleg aksjelova § 6-28. Ein styremedlem representerer ikkje eigar, men berre seg sjølv, og ansvaret er å ta i vare selskapet sine interesser, ikkje eigaren sine interesser. Det er knytt personleg ansvar til vervet som styremedlem. Eigar kan ikkje instruere styremedlemmer, men kan

saman med dei andre eigarane byte dei ut. Det går fram av aksjelova at styret og andre som representerer selskapet, ikkje har høve til å gjere handlingar som kan gi visse aksjeeigarar eller andre ein urimeleg fordel til ulempe for andre aksjeeigarar eller selskapet.

4.3 Utbytepolitikk og prosessar for val av styre

Utbytepolitikk

Kommunane har ikkje utarbeidd felles utbytepolitikk slik som er tilrådd frå KS. Fyresdal kommune har ikkje følgd opp si eiga eigarskapsmelding på dette området.

Val av styre

Det ser ut til å vere lite samarbeid mellom eigarane når det gjeld å sikre eit godt og kompetent styre. Det er risiko for at styret ikkje har den komplementære kompetansen som selskapet treng. Føringer for styresamansetjing og bruk av valkomité kan vere tiltak for å sikre komplementær kompetanse i styret. Eigarkommunane bør såleis følgje KS si tilråding om å vedtektsfeste bruk av valkomité ved val til styret.

Kvart styremedlem har personleg vara. Dette er ikkje i samsvar med KS si tilråding. KS tilrår bruk av numerisk vara for å gje betre kontinuitet i styrearbeidet.

5 Tilrådingar

5.1 Til eigarkommunane i fellesskap

Vi tilrår eigarkommunane å

- utarbeide felles rutinar og strategiar for eigarskapen i VTK, derunder å utarbeide utbytepolitikk,
- innarbeide krav om valkomité ved val til styret i vedtektene i VTK,
- etablere ordning med numerisk vara, og
- sjå til at selskapet har etiske retningsliner.

5.2 Tilrådingar til Fyresdal kommune

Vi tilrår Fyresdal kommune å

- velje nytt medlem til styret eller ein annan til å representere kommunen på generalforsamling,
- vurdere om eigarskapsmeldinga er godt nok i samsvar med aktuelle reglar og tilrådingar,
- syte for at det blir gjennomført folkevaltopplæring,
- etablere rutinar for å evaluere styret, og
- etablere rutinar for å sikre informasjon til og avklaring av rammer med kommunestyret om eigarskapen.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Formlar for berekning av nøkkeltal

Vedlegg 2 – Eventuelle kommentarar til rapporten frå eigar/selskapet.

Vedlegg 3 – KS tilrådingar for godt eigarskap

Formlar nytta ved berekning av nøkkeltall:

Resultatgrad i %	(Driftsresultat x 100) / Sum driftsinntekter <i>Resultatgraden er et mål på hvor stort driftsresultatet er i forhold til omsetningen.</i>
Likviditetsgrad 1	Sum omløpsmidler / Sum kortsiktig gjeld <i>Likviditetsgrad 1 måler bedriftens evne til å dekke betalingspliktene etter hvert som de forfaller. Likviditetsgrad 1 bør være større enn 1,5.</i>
Egenkapitalandel i %	(Sum egenkapital x 100) / Sum total kapital <i>Er et uttrykk for hvor stor del av eiendelene som er finansiert med egenkapital og dermed hvor mye av eiendelene som kan gå tapt før kreditorenes fordringer kommer i fare.</i>
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum egenkapital <i>Gjeldsgraden viser hvor stor gjelda er i forhold til egenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedriften har like stor gjeld som egenkapital. En kan si at jo mindre dette forholdstallet er, jo mer solid er bedriften.</i>
Totalrentabilitet i %	(Driftsresultat + finansinntekter) x 100 / Gjennomsnittlig total kapital <i>Totalrentabiliteten viser bedriftens avkastning på den totale kapitalen som er bundet i bedriften. Er altså et mål på avkastningen på selve eiendelene, og representerer et viktig nøkkeltall ved lønnsomhetsberegning.</i>
Arbeidskapital	Sum omløpsmidler – sum kortsiktig gjeld = arbeidskapital <i>Arbeidskapital er kapital som selskapet behøver for å finansiere varer og tjenester i arbeid inntil de er solgt og oppgjør mottatt. Negativ arbeidskapital kan tyde på dårlig likviditet.</i>

Vedlegg 2: Høyringsuttale

Høyringsuttale frå selskapet:

Eigarstrategi(ar):

Kva for eigarstrategi kvar enkelt aksjonær ynskjer å ha er VTK som selskap uvedkomande og langt på veg irrelevant. Styret og dagleg leiar held seg til det som fylgjer av aksjonæravtale, vedtekter og styrande vedtak i GF. Frå leiingas ståstad gjev dette klare føringar for selskapets drift og utvikling. Kortversjonen av dette er at VTK skal drivast etter forretningsmessige prinsipp i samsvar med aksjeloven, - dvs med økonomisk resultat og utbytte/kapitalavkastning som hovudmål.

Det er eit par unntak frå dette:

GF 2002 og 2003: Kraftomsetning til sluttbrukarar utan dekningsbidrag.

GF 2004 (og seinare): Fiberutbygging sjølv om desse investeringane kan ha større økonomisk risiko enn det styret har mandat til/ ville ha akseptert.

Kommunestyret kan gjennom eigarskapsmelding bestemme kva kommunen skal meine på GF i VTK. Styret og dagleg leiar må legge til grunn det som fleirtalet på GF vedtek. Den klare konsekvensen av dette er at eit styremedlem kan risikere å måtte vera med på gjennomføring av eit vedtak som "sin kommune" var i mot på GF.

Utbytte:

Verdiskaping kan brukast som eigenkapital for årets netto investering og/eller til utbytte. I VTK har det gjennom mange år vore semje/praksis å halde EK på 50 % under normal drift. Dette for å ha ryggrad til å ta eit større lyft dersom eit godt prosjekt skulle dukke opp, og for å sikre gode lånevilkår på vår stadig aukande gjeld. Dette målalet har då gjeve greie føringar for storleiken på utbyttet. Det er likevel styret som, etter ei totalvurdering av situasjonen på kort og lang sikt, fastset det årlege utbyttet (jfr aksjeloven).

Mvh

Vest-Telemark Kraftlag AS

Ketil Kvaale

Adm. dir.

Vedlegg 3: KS' Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/ fylkeskommunalt eide selskap og foretak

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte i de ulike aspektene knyttet til eierstyring av utskilt virksomhet. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden og senere med oppfølging etter 2 år. Det anbefales at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får forelagt en oversikt over status for selskapene.

Nr. 2 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger

Kommuner skal foreta en politisk gjennomgang av virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter eller interkommunale organer gjennom utarbeidelse av en eierskapsmelding. Eierskapsmeldingen bør gjennomgås og eventuelt revideres hvert år i kommunestyret. Eierskapsmeldingen skal følges av strategier og formål/ selskapsavtale for det enkelte selskap. Alt eierskap i selvstendige rettssubjekter skal fremgå på en klar og instruktiv måte i kommunens årsberetning. Interkommunale eierskapsmeldinger kan også utarbeides.

Nr. 3 Utarbeidelse og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapets virksomhet skal tydeliggjøres i vedtektene/selskapsavtalen. Innenfor rammen av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategier for sin virksomhet. Eierne skal ha et bevisst forhold til en eventuell forventet avkastning. For selskaper som opererer innenfor et marked skal prinsippene for en eventuell utbyttepolitikk klargjøres og deretter fremmes for eierorganet gjennom selskapsavtalen/vedtektene. Langsiktighet og samfunnsansvar bør legges til grunn for det kommunale/fylkeskommunale eierskap. Formålsangivelsen i selskapsavtale/vedtekter bør vurderes med jevne mellomrom for å se om det er behov for endringer.

Nr. 4 Vurderinger og valg av selskapsform

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset virksomhetens formål, eierstyringsbehov, markedsmessige forhold og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operere i et marked bør det etableres et selskap med begrenset ansvar. Der selskapet skal yte tjenester til eierne i egenregi kan både interkommunale selskap

og foretak være hensiktsmessige former. Stiftelser er ikke anbefalt for virksomhet som krever eierstyring.

Nr. 5 Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet

Selskaper som opererer med konkurransevirkosomhet i tillegg til monopolvirkosomhet, bør som hovedregel skille ut virksomheten for å unngå mistanke om muligheten for rolleblanding og krysssubsidiering. Organiseringen av konkurranseutsatt virksomhet bør så langt mulig være ledelsesmessig, personalmessig og fysisk atskilt fra monopolvirkosomheten. Dette må være utgangspunktet, og oppfyller man ikke dette må det være en bevissthet om hvorfor.

Nr. 6 Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalget er delegert denne funksjonen fra kommunestyret og har derfor en spesielt viktig rolle i eierstyringen.

Nr. 7 Sammensetning og funksjon til eierorgan

For aksjeselskap og interkommunale selskaper anbefales det at kommunestyret oppnevner politisk ledelse som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierutøvelsen skal speile kommunestyrets samlede/flertallsbeslutning. Det er sentralt at det opprettes en forutsigbar og klar kommunikasjon mellom eierorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte.

Nr. 8 Gjennomføring av eiermøter

De formelle eiermøtene er enten generalforsamling eller representantskap, men det kan også innkalles til eiermøter i tillegg til disse.

Styret bør tilrettelegge for at flest mulig av eierorganets medlemmer kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir en effektiv møteplass for aksjeeierne og styret. Dette gjøres ved å følge lovens regler om innkalling, at saksdokumentene er utførlige nok til å ta stilling til sakene, at eierne som ikke kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjelder ikke interkommunale selskaper), at styret, revisjon og valgkomité er tilstede samt rutiner for at eierorganet velger møteledelse.

Nr. 9 Eiers krav til profesjonelle styre i kommunal sektor

Det er eiers ansvar å sørge for at styret sammensettes og gis de nødvendige styringsrammene for å utøve sitt virke som et profesjonelt organ. Et profesjonelt styre som kollegium består av personer med egnede personlige egenskaper som utfyller hverandre kompetansemessig.

Nr. 10 Valgkomité for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskaper

Ved valg av styre til selskaper organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomité hvor formålet er å sikre sammensetning av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eiers formål med selskapet. Representantskapets/generalforsamlingens leder velger leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes for å speile eierandel. Flertallet av valgkomiteen bør være uavhengige av styret og ansatte. Valgkomiteens innstilling bør begrunnes. Valgperioden kan vedtektsfestes men allikevel være fleksibel i forhold til eiers behov for kompetanse.

Nr. 11 Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene

Eier har ansvar for å sikre at styret besitter den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål, jmf. punkt 9. I dette ligger det også at eier står fritt til å skifte ut styremedlemmer innenfor valgperioden. Men styret selv har også et selvstendig ansvar for å jevnlig vurdere egen kompetanse i forhold til eiernes formål med selskapet og det er derfor anbefalt en rekke rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

Nr. 12 Styresammensetning i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styre. Dersom datterselskap yter tjenester til morselskap i konkurranse med andre bør det være ledelsesmessig og funksjonelt skille mellom selskapene for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbudsprosesser. Dersom det i konsernet er et datterselskap som yter monopoltjenester til sine eiere eller innbyggerne i eiers kommuner bør eksterne kandidater ha flertall i datterstyret.

Nr. 13 Oppnevning av vararepresentanter

Der det utpekes vara til styre bør ordningen med numerisk vara benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Nr. 14 Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene

Det er opp til hvert enkelt eierorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjøre hvilken type kompetanse et styre skal ha. I utgangspunktet anbefales det å unngå

situasjoner der styrets medlemmer jevnlig blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av ledende politikere i selskapsstyrene. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter, og at kommunestyret oppretter en valgkomité som innstiller til det organ som skal velge styrerepresentanter.

Nr. 15 Kjønnrepresentasjon i styrene

I loven er det nå krav om 40 % kjønnrepresentasjon i styrene for både interkommunale selskap, aksjeselskap og aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner har eiermajoritet. Egne rekrutteringsseminar bør iverksettes der det er vanskelig å oppnå lik kjønnrepresentasjon.

Nr. 16 Godtgjøring og registrering av styreverv

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse og eventuell revidering av eiermelding gjennomføre en prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregister.no

Nr. 17 Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter

Det anbefales at selskapene ved utskilling av virksomhet til selvstendige rettssubjekter søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon.

Nr. 18 Utarbeidelse av etiske retningslinjer

Det anbefales at eier påser at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak.

Administrasjonssjefens rolle som budsjettansvarlig for kommunens samlede økonomiske virksomhet herunder foretakene kombinert med manglende instruksjonsmyndighet overfor daglig leders disponeringer bør være gjenstand for en samhandlingsdiskusjon ved opprettelse av foretak. Administrasjonssjefen, stedfortreder eller andre i ledende administrative posisjoner samt medlem av fylkes- og kommunalråd kan ikke sitte i styret. I kommuner med parlamentarisme kan ikke kommune- og fylkesråd sitte i foretaksstyrene. Det samme gjelder administrasjonssjef/stedfortreder. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter